

Kva er eigentleg forskjellen på sikkerhetskategorin 3 og 4?

Seilmakeren Doublehanded har vore segla under OSR sikkerhetskatoegori 3 sidan starten i 2005. I jubileumsåret 2025 er det bestemt å segle regattaen under sikkerhetskategori 4. Mange lurer sikkert på kva som er forskjellen på desse to, og dei som vil vita alt om det, kan gå inn på nettsida <https://www.sailing.org/inside-world-sailing/rules-regulations/offshore-special-regulations/> der den komplette versjonen av dokumentet som definerer dei ulike sikkerhetskategoriane er å finna. Dei som nøyer seg med eit kort resymé kan halda fram med å lesa denne artikkelen. Merk at dette ikkje er ei liste over krav i kategori 4, men ei liste over forskjellen på kategori 3 og 4. Ei liste over dei viktigaste krava i kategori 4 finn de i dokumentet «Egenkontrollskjema» under menypunktet «For deltagarne».

Men først litt om bakgrunnen for skiftet frå kategori 3 til kategori 4. Det er ikkje til å leggja skjul på at mange lenge har teke til orde for å gjera denne endringa, fordi dei opplever at kategori 3 set strengare krav til båt, utstyr og mannskap enn det som er naudsynt for denne regattaen.

Regattakomiteen har argumentert med at sjølv om det under normale omstende kan verka i overkant forsiktig å nytta kategori 3, så er det for arrangøren godt å vita at båtane og personane som legg ut på denne regattaen er utstyrt for, og trent til, å meistra situasjonar ein normalt ikkje møter i dette området på denne tida av året, men som kan oppstå.

Om ein les innleiinga til dokumentet nemnt ovanfor, så ser ein at kategori 3 er meint å omfatta «*Races across open water, most of which is relatively protected or close to shorelines*». Medan kategori 4 er for «*Short races, close to shore in relatively warm or protected waters normally held in daylight*.» Dette er vase formuleringar som ikkje i seg sjølv er konkrete nok til å avgjera kva som er «rett» kategori for Seilmakeren doublehanded. Eit tilleggsmoment i diskusjonen er at kravet til båt, utstyr og mannskap innanfor dei ulike kategoriane vert strengare og strengare for kvart år som går. Dokumentet som inneheld krava, vert oppdatert fleire gonger i løpet av eit år, basert på innrapporterte hendingar. Det som var kategori 3 for tjue år sidan er difor kanskje nærmere kategori 4 i dag.

For Seilmakeren doublehanded sin del, så har det også vore gjort unnatak for nokre av krava, som krav om redningsflåte og oppdaterte sikkerhetskurs.

I det følgjande har eg freista peika på nokre punkt der krava er ulike under kategori 3 og 4, men lista er ikkje komplett. Det nemnde dokumentet er på 63 sider, og svært så detaljert, så det er vanskeleg å laga ei komplett oversikt. Lista må difor snarare sjåast på som døme på kva som er forskjellen på dei to kategoriane.

Som det framgår av lista, er det langt færre krav til båt og mannskap under kategori fire enn tre. Dei dyraste av desse krava er truleg AIS-sendar og trysegl.

Men om det ikkje er eit absolutt krav under segling i kategori fire, så er det ingen god ide å leggja ut på nattsegglas utan gode lyskastarar/lykter, eit par raude bluss, lys på redningsvesten etc. Vi har difor valt å ha dette som tillegsskrav til kategori 4 (jfr Kunngjeringa og Eigenkontrollskjemaet).

Og sjølv om vi ikkje har det som eit absolutt krav, så er det heller ikkje smart å leggja ut på ein shorthandedregatta med nattsegglas utan å ha montert sikkerhetsliner langs dekk, ha redningssellar lett tilgjengeleg, og gjerne ha ei redningsslynge på hekken. Truleg er dei aller fleste båtane som er eigna til å segle ein regatta som dette, allereie utstyrt til å oppfylla dei fleste krava i kategori tre, men altså, i år vil du for første gong ikkje få startnekt om du blir inspisert før regattaen og ikkje har alt som skal til i den sikkerhetskategorien.

Kategori 3	Kategori 4
Seksjon 3 – Strukturelle eigenskapar, stabilitet og fast utstyr	
Krav til inspeksjon av kjøl og ror medan båten er på land (3.02.4, 3.02.5)	Ikkje slikt krav
Båten skal ha stabilitet i samsvar med ISO 12217-2, kategori B eller høgare. (3.04)	Ikkje slikt krav
Manntau av rustfritt stål (3.14.3)	Manntau av rustfritt stål eller HMPE
Permanent montert «toe rail» (tåskinne på godt norsk?) langs ytterkanten av dekket (3.17)	Ikkje slikt krav
Permanent installert komfyr, som trygt kan brukast i sjøen (3.20)	Ikkje slikt krav
Permanent installert vasstank med pumpe med kapasitet nok til heile mannskapet for heile seglasen (3.21)	Ikkje slikt krav
Nødrasjon med vatn: minst 2 ltr pr person lagra på forsegla behaldar (3.21)	Ikkje slikt krav
Ei permanent installert manuell lensepumpe (3.23)	Ei manuell lensepumpe
Eit permanent installert magnetisk kompass og eit i reserve (3.24)	Ikkje slikt krav
Minst to opphal pr mast (3.25)	Ikkje slikt krav
Reserve lanternar med same spesifikasjonar som dei permanent installerte, med batteri (3.27)	Ikkje slikt krav
Innanbords eller utanbords permanent installert motor, som kan gi båten ein fart i knop på minst $1.8 \times \sqrt{LWL}$ i meter. Om det er ein forbrenningsmotor skal båten ha ein permanent installert brennstofftank og ved starten av seglasen nok brennstoff til å gi framdrift i minst 5 timer med farten nemnt over og til å lade batteria ved behov. Det skal også vera eit dedikert startbatteri til motoren (3.28)	Ikkje slikt krav
Ein berbar vasstett VHF for kvar grab-bag det er krav om. Ein fastmontert marineradio, med DSC, og om hovudantenna er i masta; ei reserveantenne. Ein AIS-sendar Ein GPS (3.29)	ein berhar vasstett VHF

Seksjon 4 – berbart utstyr	
Ein alternativ måte å visa båtens identifikasjon om ingen segl med nummer er heist. (4.01)	Ikkje slikt krav
Sikkerhetsliner langs dekk på begge sider, og tilkoplingspunkt for personlege sikkerhetsliner der det trengs (4.04)	Ikkje slikt krav
To brannsløkkingsapparat på minst 2 kg kvar, lagra i ulike deler av båten. (4.05)	To brannsløkkingsapparat lagra i ulike delar av båten.
To anker tilpassa båtens vekt, klar til å kastast ila. 5 minutt (4.06)	Eit anker tilpassa båtens vekt, klar til å kastast ila. 5 minutt.
Ein lyskastar eigna for søk med reserve pære og batteri, pluss ei kraftig lommelykt pakka i kvar grab-bag (4.07)	Ikkje slike krav
Navigasjonskart, ikkje berre elektroniske (4.11)	Navigasjonskart. Om berre elektroniske, skal ein ha to uavhengige system om bord.
Eit instrument som målar fart og distanse (logg) (4.12)	Ikkje slikt krav
Utstyr for nødstyring (4.15)	Ikkje slikt krav
Grab-bag med 3 naudbluss, vasstett lykt med reservebatteri, kniv, fløyte (4.21)	Ikkje slikt krav
Ein GPS, der ein kan merke av mann-overbord-posisjon innan 10 sekund, utan å forlate cockpit (4.22)	Ikkje slikt krav
Redningsslynge (4.22)	Ikkje slikt krav
Pyrotekniske signal i form av 2 oransje røykboksar og 4 raude naudbluss (4.23)	Pyrotekniske signal i form av 2 oransje røykboksar
Eit trysegl eller eit storsegel som kan revast med 40% av masteliket og ei hardværfsfokk (4.26)	eit storsegel som kan revast med 12.5% av masteliket eller ei hardværfsfokk
Seksjon 5 - Personleg utstyr	
Redningsvesten skal ha lys og sprayhood, og det skal vera reserve gasspatron og utløysar for kvar redningsvest (5.01)	Ikkje slike krav til redningsvesten
Seletøy og redningsssele som tilfredsstiller ISO 12401 og har to krokar om 1 m lang og tre krokar om 2 m lang (5.02)	Ikkje slike krav
Seksjon 6 – Krav til mannskapet	
Om berre 2 om bord, skal minst ein ha gjennomgått godkjent sikkerhetskurs innan dei siste fem åra, som skal omfatta dei emna som er lista i OSR 6.02 (6.01)	Ikkje slikt krav